



DET KONGELIGE
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Norsk filminstitutt
Postboks 482 Sentrum
0105 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

22/70-

21. desember 2023

Statsbudsjettet 2023 - supplerande tildelingsbrev nr. 5 til Norsk filminstitutt

Vi viser til deires søknad om overskridelsesfullmakt for driftsåret 2023 av 27 oktober 2023.

Det følger av Finansdepartementets vedlagde rundskriv R-110 at post 01 kan overskridast med inntil 5 prosent til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i løpet av dei tre etterfølgjande budsjettår. Det kjem også fram at minst 1/3 av overskridinga skal vera spart inn førstebudsjettår og at minst 2/3 av overskridinga skal vera spart inn i andre budsjettår. Vidare opplyser rundskrivet om at overskridelsen må gå til dekning av investeringsformål som bygningsmessige arbeid, utstyrsinnkjøp eller IKT-baserte tenester og system.

Med bakgrunn i ovenstående gir departementet NFI tilgang til å overskrida driftsløyvinga på kap. 334, post 01 med inntil 4,5 millionar kroner. Departementet vil komma tilbake til korleis innsparinga skal skje. Anten vil departementet halda tilbake 1/3 av overskridinga gjennom å korrigera tildelinga til NFI i 2024 eller gi NFI instruks om å ha eit mindreforbruk i 2024 som minst svarer til 1/3 av overskridinga. Dette vil departementet komma tilbake til når den endelege overskridinga er kjend.

Med hilsen

Constance Ursin (e.f.)
avdelingsdirektør

Øyvind Torp
Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 866

Avdeling
Medie- og
kunstavdelingen

Saksbehandler
Øyvind Torp
22 24 80 42